

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Sluttrapport Bolyst 2011-2013

Til: KRD

Fra: livOGlyst Eidfjord, postboks 38, 5783 Eidfjord

Dato: 18.11. 2013

Tillsegningsnummer: 11203011

Kommune:	Eidfjord kommune
Prosjektnavn:	" Me gjer oss "heite" og attraktive"
Prosjektleder:	Lisbeth Bygstad Celik
Leder i styringsgruppen:	Lisbeth Bygstad Celik
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Kari Patrica Kleppe
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe x b) Forankring i befolkningen x c) Samarbeid med andre aktørar lokalt, regionalt eller nasjonalt x
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Me har 3 prosjekt :</p> <p>1) Sjøbua</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er foretatt investeringar som gjer til at me har eit profesjonelt utstyr som ligg til rette for baking. <p>Sidan forgje innleverte rapport (april 2012) har me gjennomført Ope bakeri sommaren 2012. Me fekk representant frå Bakelandslaget, Thomas Valand med assistent til å driva bakeriet i juli mdn. Prosjektet har hatt stor verdiskaping både innanfor miljø, kultur og sosiale. Dette var ein ubetinga suksess for innbyggjarar, tilreisande, fritidsEidfjoringen og turistar. Me fekk stor merksemd i nyhedebilete både lokalt og nasjonalt. Det skapte meir liv og røre i sentrum og var til stor glede for dei som opplevde bakeriet frå 1859 i drift. Økonomisk viser det seg at bakeridrift aleine ikkje er økonomisk bærande(erfaring frå 1 sesong).</p>

Bildet hadde mest sannsynligvis sett annleis ut om ein i tillegg kunne ha drevet kafe/restaurant med servering av både vått og tørt og i tillegg solgt lokal, regional og nasjonal gards mat. Det er dette som er målsetjinga på sigt.

- Me gjennomført bakekurs for elevane som har mat og helse som fag ved Lægreid skule. I fire dagar leigde me inn landslagsbaker ,Thomas Valand, som kursa elevane i den gamle handverktradisjon. Historielaget var invitert inn for å fortelja om Eidfjord, og bruk av sjøbua i gamle dagar. Laurdagen var det 10. klasse som fekk baka brød og bollar som dei solte på den Hardanger Matkulturfestival som arrangerast kva haust i Eidfjord. Pengane dei fekk inn går til skuletur til Polen.
- Me gjennomførte arrangementet ”Irsk PUB” og synleggjort for innbyggjarane kva potensiale det ligg i det kulturhistoriske bygget. Med innleidd band i frå nabobygda, som er fantastiske på irsk musikk, som gav gjenklang i det gamle bygget. Me har hatt fullt hus på begge arrangementa samt venteliste for dei som ikkje fekk plass i fyrste omgang. Det viste seg også at dette var ein arena der både 18 åringen og 70 åringen, etnisk norske og utlendingar, trives. Det er få arena i dagens samfunns som har arrangement som stettar interesse for fleire generasjonar og fleire nasjonar samstundes. I tillegg viser det seg at arrangementet er økonomisk berekraftig. Arrangementet var så vellykka at lokalfoket forlangte at me gjenntok hendinga der dei sjølve var med å bidrog for at dette kunne skje.

Mål oppnåing: Pr. i dag har me fått fleire initiativ til å driva sjøbua i sommar. Initiativet kjem frå allereie eksisterande næringsliv. Dette gjeld både bakeri og kunstsal utstilling i hovudhuset. Forhåpentlegvis ser me resultat av at me har vore ”pilotprosjekt” for å visa at det er mogleg å

I juni 2013 skulle Eidfjord kommunestyre ta stilling til vidare bruk av Sjøbua. Dei valte å utsetje denne avgjera fordi dei ønskte å sjå bruken i

samanheng med rullering av reguleringsplanen for området.

2) Omdømmebygging

- Me har gjennom det siste året hatt fleire aktivitetar for å løfta Eidfjord sitt omdømme både hos innbyggjarane og eksternt. Me har gjennomført Karneval og lysfest, påsketre i sentrum der livOGlyst i samarbeid med Lægreid skule, kulturskulen, Moden barnehage og Hæreid barnehagen arrangera karneval og lystfest i Eidfjord sentrum. Til glede for både born, ungdom, vaksne og eldre. I tillegg fekk me god medie dekning av hendinga.
- Me har gjennomført fleire Ope HUS der me har invitert tilflyttarar både frå inn og utland. I dag er ca 8,7 prosent av innbyggjarane i Eidfjord frå utlandet og utgjør over 23 nasjonar. I tillegg har me stor auke i tilbakeflytting frå "utflytta ungdom frå Eidfjord". Det er viktig å skape uformelle arena der tilflyttarane har høve til å byggja seg nettverk og få vener. På denne måten kan me sikra bli-lyst og integrering.
- I løpet av fjordåret var filmen livOGlyst filmen gjennomført. Me fekk nyutdanna regissør frå Australia(kjem frå Eidfjord) Steffen Hagen til å læra kulturskuleelvar å laga film. Dei bruket ca ½ år på å filma, og viste stolt fram resultatet på det lokale 17.mai arrangementet. Filmen vart sendt som bidrag til UKM. Elevane som lærte å filma, har sidan stått for eigen produksjon av film.
- Me har hausten gjennomføra "Vøringfoss race", og laga prosjekt som knyt både utledingar, eldre, barn og tilreisande. Innanfor dette ligg òg eit folkehelseperspektiv. Fokusområde er; mat, mosjon og miljø. Arrangementet vart i år flytta til Eidfjord sentrum og me kalla arrangementet for ; MMM... så Gøy. Me laga ei kultur og naturløype med der me hadde hengt opp ulike spørsmål knyt til kulturminne , langs løypa. Me hadde servering av fruktspyd, Gulrot medalje for alle som gjekk kultur/natursti, "hoppande eple og verdens mest sunne bollar. Dette var ein hendingsrik dag, både for store og små og

ikkje minst dei som sprang Hardangervidda Marathon som kom i Mål til MMM...så Gøy arrangementet.

- Sommaren 2013 gjennomførte me Solsikkeprosjekt der me planta 1000 dverg solsikker i Eidfjord sentrum. Dette for å markera opninga av Hardangerbrua august 2013. Dette prosjektet var eit samarbeid mellom Lægreid skule, livOGLyst Eidfjord, Eidfjord kommune og Hjeltnes garnteri. Ungdomskule elevane var «gartnarar» for ein dag og nokre av dei hadde ansvar gjennom sommaren å vatne/gjødsla og stelle solsikkene
- Me har gjennomført det som står i søknaden og vel så det. Me ønskjer å bruka resterande midlar til å fortsetje å byggja omdømme med spenstige og originale tiltak. Nokre av dei tiltaka som me har i verket tidligare skal vidareførast. Me er i full gang med ”strikke tre” som vil involvera mange i bygda som strikker ”skjerf” til dei 18 trea som me har i inngangspartiet til Eidfjord . Dette prosjektet har vore gjennomført tidligare, med stor suksess. I tillegg har me fleire idear knyt til Opninga av den 7 lengste hengebrua i verda; Hardangerbrua. Her har me store moglegheiter, enn då i tenkeboksen då datoen for opninga ikkje er offisiell enda.

Måloppnåing:

Gjennom åra har me aktivt vore skaparar av nye ,og innovative idear som kan setja bygda vår på ”kartet”. Like viktig er det at me i alle prosjekt har vert opptatt av å få involvert så mange så mogleg i prosjektet slik at dei har hatt eigenskap til prosjektet og folk på tvers av nettverk har vorte kjende med kvarandre. I tillegg har prosjekta hatt som mål å vera av ein karakter som løftar toleransen og som gjer rom for kreativitet og nytenking. Me meiner (ikkje målbart) at gjennom prosjekta har ein fått større ”takhøgde” for å tenkja både ansleis, og kreativt.

3) Hæreid-

Me arbeider vidare med å få synleggjort dei store nasjonale verdiane som me har på Hæreidsplatået i Eidfjord sentrum. Det er over 300 vikinggraver og er eit av dei største funna i Noreg. Me

arbeider opp mot grunneigarane for å få gjennomført ein skjøtselsplan for området. Å involvera grunneigarar ,og gå ”hand i hand” med dei i denne prosessen er viktig for måloppnåing. Me har fått kvalifisert konsulent som kan skriva skjøtselplan/tiltaksplan for området med av fylkesmann og fylkeskommune. Det er ei målsetjing at me i løpet av året 2013 skal få utarbeidd ein skjøtselsplan . Ein skjøtselsplan vil kunna utløysa midlar i frå fylkesmannen til grunneigarane. Utan at grunneigarane er med på å skjøtsel av området vil det verta vanskeleg å oppretthalde landskapet på ein verdig måte. Det trengs tid for å kunne gjennomføra prosjektet på ein måte som gjer at alle partar er involverte og at ”sunnne” prosessar er medverkande for at me skal koma i mål. livOGlyst har saman med kommunen , fylkesmannen, fylkeskommunen og ikkje minst grunneigarane arbeidd gjennom dette året for å byggja ned mistillit og opp samarbeid. Me er godt nøgd med arbeidet så langt, og det er på gang einskjøtselsplan for området. I haust hadde me ”Kick off” for nye tider på Hæreid, der me inviterte innbyggjarane på synfaring m/arkeolog, grilling av heil gris, vikingaktivitetar for born m.m. ”Halve Eidfjord ” møtte fram til denne flotte familie dagen, og fekk revitalisere kunnskap om viking gravene som ligg som udekte skattar. Arrangementet fekk stor merksemd i regionale aviser. Hæreid er eit rekreasjonsområdet for innbyggjarane i Eidfjord, både store og små, og difor viktig at dei vert medviten om kva området skjuler av skattar. Det er eit særst god prosjekt som har stor verdi for både lokalsamfunnet så vel som nasjonale verdien av området.

Skjøtselsplan for området er no i gang og me ser for oss at me allereie våren 2014 kan byrja arbeidet med å skjøtte området der det er mest prekært. I tillegg vil me sjå på skilting m.m slik at de sommaren 2014 byrjar å nå dei måla som me ønskjer for Hæreidsområdet.

Måloppnåing så langt: Gode kommunikasjon og samarbeid mellom grunneigarar, fylkeskommunen, fylkesmannen og kommunen. Godt i gang med arbeidet om å gjera området meir tilrettelagt for turistar, innbyggjarar og grunneigarar.

	Prosjektslutt 2014.
Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?	Prosjekta, så nær som Hæreid, er vel kjende hos både lokalfolket og i heile regionen. Hæreid er eit område der me i fyrste omgong må gå ”hand i hand” med grunneigarar. Både Sjøbu prosjektet og omdømmeprosjektet har som formål å involvera så mange som mogleg i prosessane. Ved måloppnåing er det mange som kan dele suksesskjensla.
Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak	
Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	<ul style="list-style-type: none"> a) Følger opprinnelig plan x b) Forsinket pga. Hæreid prosjektet vil ta lengre tid enn planlagt og vil mest sannsynleg ikkje verta avslutta før 2014 c) Det er fortatt fyljande justering: Omdømmeprosjektet har i seg større moglegheiter ein kva me hadde set føre oss.. Dette ønskjer me å nytte oss av.
Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	<ul style="list-style-type: none"> a) Helt lokal effekt x b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. x c) Effekten kommer i hele fylket x d) Effekten kommer i eget og andre fylker x e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant
Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)	Å auka bulyst og trivnad i ei bygd er avhengig av lokalfolket sitt engasjement, og medvitne om bygdas kvalitetar både sosialt, kulturelt og som fysisk sted. Difor er dei fleste prosjekta interaktive. Me ønskjer at så mange som rå er involverte i dei ulike prosjekta, deltek på utforming av prosjekt og gjennomføring.
Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	Me stiller oss opne for å kunne meddela dei erfaringar og grunnlag for metode. Me har som utgangspunkt at delar av prosjekta skal vera særeigne og originale. Det utviklar seg ein gjeldande stadkonkurrans og det er viktig å skilja seg ut frå andre tettstader. Difor er det, i tillegg

	<p>til involveringsprosessar, viktig å synleggjere særtrekk og originalitet.</p> <p>Dette får me best fram ved å ha ”ville idear” som ”strikke tre”, påsketre og lyskunst synleg i Eidfjord sentrum. Viktigheita av å vera unik og original ,samt metodar for involvering, har overføringsverdi til andre stader.</p>
<p>Ekstern kommunikasjon og deltaking på samlinger med utgangspunkt i prosjektet</p>	<p>Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet?</p> <p>Det siste året har livOGLyst Eidfjord som styre, ikkje vore på samlingar som er relevante for gruppa. Styret består av fullarbeidande personar som allereie er ”oppbrukte ressursar”, og det har ikkje vore tid til å reisa. Dette har me snakka om og er einige om at ein felles tur kvart år er viktig for samhaldet i gruppa samt motivasjon og inspirasjon til å engasjera seg for lokalsamfunnet.</p>
<p>Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)</p>	<p>Sjå eige vedlegg</p>
<p>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen x b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser x c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer x d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne x e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen x f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) Styrke regionale sentra h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? x i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? x
<p>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>Etter at prosjektets slutt er ein av målsetningen at prosjekta er fullført, og at vidare drift, og aktivitet, er sjølvgåande.</p>

